

1 **F14: ICAN - forbod mot atomvåpen**

2 **Framleggsstillar:** Sogndal SV

3 **Innstilling fylkestinget:** Til handsaming.

4

5 **Kommunane bør slutte seg til ICAN sitt globale opprop mot atomvåpen**

6 **I ei farlegare og meir uføreseieleg verd er trygggleik det viktigaste**

7 - **Scenario Vestland 2040**

8

9 Ican Cities Appeal er eit globalt opprop der byar og lokalsamfunn viser støtte til FN sitt
10 forbod mot atomvåpen. Traktaten som forbyr atomvåpen vart vedteken av eit stort
11 fleirtal av FN sine medlemsland i juli 2017. Nobelkomiteen har anerkjent
12 atomvåpenforbodet som eit viktig, kanskje avgjerande, skritt på vegen mot ei verd fri
13 for atomvåpen. Noreg har så langt valt å gå i mot FN-fleirtalet og står utanfor denne
14 viktige avtalen. Gjennom Ican Cities Appeal kan norske kommunar og lokalsamfunn
15 bidra til å auke presset på nasjonale mynde for å bli del av forbodstraktaten

16 I Vestland fylkeskommune sitt framtidsscenario-arbeidet for Vestland 2040 har vi sett
17 at eit mogleg framtidsscenario for Vestland er at vi i 2040 vil leve i ein region og eit
18 Europa prega av større grad av motsetnad mellom folk og nasjonar, utrygggleik og
19 truslar. Når vi ser på verda rundt oss, ser vi at dette framtidsscenarioet allereie er
20 høgst reelt. Vi opplever at krig, terror og alvorlege menneskerettsbrot preger både
21 Europa og vårt nærreste omland. I denne røynda er også trusselen knytt til atomvåpen
22 høgst reell.

23 Med bakgrunn i dette vil Vestland SV på det sterkaste oppmode kommunane om å
24 slutte seg til ICAN sitt globale opprop, der byar og lokalsamfunn viser støtte til FN sitt
25 forbod mot atomvåpen. Framlegg til vedtak i kommunestyra:

26 kommune er djupt uroa over den alvorlege trusselen som atomvåpen
27 utgjør mot lokalsamfunn over heile verda. Vi meiner innbyggjarane våre har rett til å
28 leve i ei verd fri for atomvåpen. All bruk av atomvåpen, anten det skjer bevisst eller på
29 grunn feil eller uhell, vil ha katastrofate omfattande og langvarige konsekvensar for
30 menneske, miljø og samfunn. Difor støttar kommune FN-traktaten som
31 forbyr atomvåpen, og vi oppmodar den norske regjeringa til å bli del av avtalen.